PROTOKOLL FRA STYREMØTE NR. 7 - 2026 i Skjåk IL

Styremøte nr. 7 halde fysisk den 29.sept kl 19.30 – 21.30 på Skjåk Almenning

Til stade frå styret: Gregor Ingar Gjerdet, Kathrine Brandsar, Merete Dagsgard, Stine Leirmo,
Meldt forfall: Kjell Erik Galde
Også til stades: Dagleg leiar Elin Stasviken Sperstad og Hans Sæter

Referent: Merete Dagsgard
Protokollførar: Elin Stasviken Sperstad
Styreleiar opna styremøte kl 19.30

Det vart ikkje fremma innvendingar til innkallinga eller sakslista
Møtet var vedtaksført.

Sakliste

Drøftings- og vedtakssaker:

Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 2. Godkjenning og signering av referat protokoll frå møte nr. 6 – 08.09.2026
Sak 3. Orienteringssaker
O-sak 3.1: Økonomi med Hans Sæter
O-sak 3.2: Premieskap i hallen
Sak 4. Spinning
Sak 5. Avtale fotball Lom IL og Skjåk IL
Sak 6. Ny klubbkledeavtale frå 1.jan 2027
Sak 7. UTV/ATV til skigruppa/sykkelgruppa
Sak 8. Fleirbrukshus Botn
Sak 9. Ljosløypene i Botn og på Dønfoss
Sak 10. Klubbhåndboka
Sak 11. Dato for neste møte
Sak 12. Eventuelt

Orienteringssaker

Punkt 3: Orienteringar
O-sak 3.1: Økonomi med Hans Sæter, ser ok ut for 2025 pr nå
O-sak 3.2: Nytt premieskap til hallen, ikkje noko konkret enda
Styret tok orienteringane til etterretning.

Vedtakssaker

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste
Gregor innleda til saken.
Vedtak: Godkjent

Sak 2: Godkjenning og signering av referat og protokoll frå møte nr. 6 – 08.09.2026
Gregor innleda til saken.
Vedtak: Godkjent og signert

Sak 4: Spinning
Elin innleda til saken.
Spinningsinstruktøren har slutta, syklane står pr nå på Snikkeriet. Har to nye som vil overta som instruktørar, men for den eine må syklane stå i hallen for at det skal fungere.
Vedtak: Enstemmig, DL sender forespørsel til kommuna om å få flytte syklane til andre etasje i hallen.

Sak 5: Avtale fotball Lom IL og Skjåk IL
Gregor innleda til saken.
På styremøtet 16/6-26 var det tatt opp forslag på samarbeidsavtale mellom fotballgruppene i Lom IL og i Skjåk IL. Det vart lagt inn ei lita endring i starten på avtala etter dette styremøtet.
Vedtak: Enstemmig vedtatt, styret v/ Gregor signerer på avtala som gjeld i tre år (2027-2029)
DL sender denne til Lom IL for signering

Sak 6: Ny klubbkledeavtale frå 1.jan 2027
Gregor innleda til saken.
Styret har dei siste månadane gått gjennom fire avtaleforslag for ny avtale på innkjøp av klubbklede.
Vedtak: Enstemmig vedtak for å inngå fem års-avtale med Macron, med oppstart 1/1-2027.
Kontraktforslag frå Macron vil bli sendt ut til styremedlemmane etter dette styremøtet for gjennomlesing.

Sak 7: UTV/ATV til skigruppa/sykkelgruppa
Gregor innleda til saken.
Har fått kr 180.000,- frå DNB Sparebankstiftelsen. Gjennomgang av tilbod frå Krokkasser, Akershus traktor, Motorspeed, Hunter Motor og Crossbutikken.
Vedtak: Enstemmig vedtak for å bestille ATV Cforce 850 touring abs med beltekit frå Hunter Motor i Lom for kr 200.000,-

Sak 8: Fleirbrukshus Botn
Elin innleda til saken.
Vi har fått ferdige teikningar frå Nordplan, og det nærmar seg søknadsfrist på spillemidler.
Sidan det er NMK Skjåk som har festeavtale på området må spillemiddelsøknaden gå ut i frå deira organisasjonsnummer, og med det vera NMK sitt hus.
Vedtak: Enstemmig, idrettslaget godkjenner at kan søkast med org.nr til NMK Skjåk.
Det må skrivast ei ordentleg avtale mellom NMK Skjåk og Skjåk IL vedr eigarforhold og forpliktingar, vi søker advokathjelp til dette.
Det skal vera eit møte mellom partane 13.10.26 der dette vil bli diskutert.

Sak 9: Ljosløypene i Botn og på Dønfoss
Gregor innleda til saken.
Idrettslaget betalte kr 27.623,- det siste året for nett og strøm i ljosløypene i Botn og på Dønfoss.
På Dønfoss har det ikkje vore oppkjørte løyper dei siste tre årene, kor mykje løypene i Botn blir nytta etter at det er myrkt er uvisst.
Vedtak: Enstemmig, prøve ut med ein lapp ved ljosløypebrytar og oppfordre til å vippse kr 20,- når ein slår på ljoset. Lar det vera som det er denne sesongen, men tek det opp att om eit år om noko av det skal sløkkast.

Sak 10: Klubbhåndboka
Klubbhåndboka var sist gjennomgått og vedtatt i april 2025.
Tida strakk ikkje til, så dette blir sak på neste møte.

Sak 11: Dato for neste møte
Neste møte blir tysdag 3.nov 2026 kl 19.30 – 21.30

Sak 12: Eventuelt
Ingenting

Signatur frå styret

Gregor Ingar Gjerdet
- Styreleiar -

Kathrine Brandsar
- Nestleiar -

Merete Dagsgard
- Sekretær -

Stine Leirmo
- Styremedlem -

Elin Stasviken Sperstad
- Dagleg leiar -